



## TILDELING - INDUSTRI- OG NÆRINGSTOMTER, SAUNESMARKA.

1. Søknad om tildeling av tomteareal skal skrivast på fastsett skjema. Søkar må legge ved situasjonskart med vist ønska areal og kort informere om arealbehov, planlagt type verksemd og utnytting av tomta, dersom dette ikkje er gjort ved søknad om handgiving.
2. Tomteareal blir - etter søknad - tildelt med administrativt vedtak ved kommunedirektør, eller den kommunedirektøren delegerer mynde til.
3. Arrondering av det ønska tomtearealet, med utforming, storleik og plassering av tomta innanfor dei regulerte tomteområda, blir avgjort i tildelingsvedtaket og med endeleg fastsetting ved frådeling og oppmåling av tomta.
4. Kjøpesummen er den som til ein kvar tid gjeld på tidspunktet for mottatt søknad om tildeling.
5. Ved underskriving av kjøpekontrakt forfell kjøpesummen til betaling innan 1 måned. Betalingsfristen er den som er påført fakturaen frå kommunen.
6. Er kjøpesummen ikkje betalt innan 1 måned etter betalingsfristen, kan kommunen på fritt grunnlag tildele tomta til andre.
7. Kommunen ved kommunedirektør, eller den kommunedirektøren delegerer mynde til, kan fastsette andre betalingsvilkår i spesielle tilfelle, og etter grunngitt søknad gi utsett betaling inntil 6 månader. Lenger utsetting krev politisk behandling i Ulstein formannskap.
8. Ulstein formannskap fastset nye tomteprisar, jf. også tidlegare vedtak K-06/0082, møte 26.10.2006 i Ulstein kommunestyre.
9. Kommunedirektør, eller den kommunedirektøren delegerer mynde til, fastset den årlege auken i tomteprisen per 1. januar ut i frå årleg auke i KPI, jf. også tidlegare vedtak F-15/21, møte 26.01.2021 i Ulstein formannskap.
10. Ved sal og overdraging av tomta sender kommunen skøyte for tinglysing straks tomta er registrert betalt.
11. Dersom fleire søker om tildeling av heile eller delar av det same tomtearealet samtidig, dvs. at kommunen har mottatt søknadene same dag, avgjer Ulstein formannskap kven som kan prioriterast og for kva tomteareal. Avgjersla kan baserast på søknad, informasjon om verksemda og planar for bruk og utnytting av tomta.
12. Kjøpt tomt må brukast til næringsføremål, dvs. med oppstarta grunnarbeid innan 3 år frå signert kjøpekontrakt.
13. Det er høve til å søke forlenga byggefrist med inntil 1 år, etter grunngitt søknad. Ytterlegare forlenga byggefrist krev politisk behandling i Ulstein formannskap.
14. Dersom kjøpar av tomt ønsker å selje/avhende tomta før bygg er oppført, har kommunen førsteretten til kostnadsfritt gjenkjøp til same pris, jf. kjøpekontrakt.
15. Saker som administrasjonen vurderer som prinsipielle, blir lagt fram for Ulstein formannskap for politisk behandling og vedtak.
16. Kommunen søker om og behandlar søknad for frådeling av tildelt tomteareal.
17. Klageorgan for administrative vedtak er Ulstein formannskap.
18. Klageorgan for vedtak i Ulstein formannskap er Ulstein kommunestyre. Vedtak i Ulstein kommunestyre er endeleg og kan ikkje påklagast vidare.

Ulsteinvik, 29.02.2024

Godkjent av Ulstein kommunestyre, vedtak 27/24, møte 21.03.2024.